

PROGRAMMET FOR JAZZ PÅ JØLST 2026



TJUUVSTART - Daniel Herskedal/Marius Neset, Torsdag 8. oktober på Jølstraholmen



Daniel Herskedal og Marius Neset er to av Jazz-Norge sine største stjerner både nasjonalt og internasjonalt. Med egne grupper og i samarbeid med andre store orkester spelar dei for utselde konserter og ståande ovasjonar frå så vel publikum som media.

Velkomen!

Daniel Herskedal tuba - basstrompet,
Marius Neset - saksofonar

OPNINGSKONSERT - Silje Nergaard - Fredag 9. oktober kl. 19.30 Grand Hotel, Skei



Silje Nergaard har stått på ynskelista vår lenge. Til Jølster har ho med seg Hallgrim Bratberg og Håvar Bendiksen. Saman inviterer dei publikum inn i ei nær, intim og leiken konsertoppleveling, der Silje deler historiene bak songane.
Publikum kan gle seg til ein konsert fylt med varme, humor og musikalsk leik.

Silje Nergaard - vokal
Hallgrim Bratberg -gitar
Håvar Bendiksen - gitar

Schemes Quartet med Veslemøy Narvesen - Fredag 9. oktober kl. 22.00 Grand Hotel Skei



Schemes Quartet er samansett av utøvarar som alle har sin bakgrunn frå den strålende jazzlinja i Trondheim. Bandet er eit nytt og friskt kvartett-pust på den europeiske jazzscena. **Veslemøy Narvesen** er kanskje den mest kjente i bandet - m.a. frå Lindmo og NRK-scenen og eit eigenkomponert verk med KORK.

Brede Sørum – saksofon
Oliver Skou-Due – piano
Bendik Løland Lundsvoll – bass
Veslemøy Narvesen – trommer

Jazz for born/familie «Toget» Laurdag 10.oktober kl. 12.00 Brunsj & Briller



Det vert ikkje Jazz på Jølst utan ein konsert for born/familie og i år kjem altså toget til Skei. **"TOGET"** er eit band som spelar kul gitarmusikk. Her får du musikk du garantert har høyrte før, Ta plass på toget og bli med og syng, klapp, knips og dans! Toget slentrar stødig og taktfast langs skinnene og tek deg trygt gjennom kjende og ukjende landskap.

Marius Hirth Klovning - Gitar og Banjo
Edvard Mjanger - Bass
Mats Mæland Jensen - Trommer og perkusjon

«Firdabandet» Musikklinja Firda VGS Laurdag 10. oktober kl. 14.00 Audhild Vikens Vevstove (gratis)



Det er tradisjon å invitere unge talent frå musikklinja på Firda VGS, og gje dei ei scene å syne seg fram på. Det blir konsert også i år – men besetning og namn er ikkje heilt avklart. Vi oppdaterer så snart det er på plass.

Vi garanterer at det blir fint og god stemning!!

EIVIND AARSET 4 TET – Laurdag 10. oktober kl. 19.30 - Grand Hotel, Skei



Eivind Aarset har utan tvil klart å skape sin heilt egne og umiskjennelege musikalske identitet, med ein stor dynamikk i uttrykket. I det eine augneblinken kan han spele dei sartaste gitartoneane, for i neste vending vrenge ut gitarstøy med nerve. Han har med seg denne supre kvartetten.

Eivind Aarset - gitar, elektronikk
Audun Erlien,- bass
Erland Dahlen - trommer, perk
Wetle Holte - trommer, perk, elektronikk - Sven Persson - lyddesign

The Red Barn med Bjørn Tomren - Laurdag 10. oktober kl. 22.00 - Grand Hotel Skei



Vårt gode pulikum har ei stor oppleving i vente når siste band entrar scena laurdag kveld 10. oktober. The Red Barn er aktuell med ny plate i 2026, og med Tomrens særegne uttrykk og countryjazzens nye yndlingar merkar folk raskt at handa er i rett hanske. Etter eit år med strålende kritikkar nasjonalt og internasjonalt for debutplata The Red Barn og nydeleg konsert under Vossajazz blei kvartetten utvida med Bjørn Tomren under Nattjazz - til strålende omtale i Bergens Tidende.

Bjørn Tomren - vokal
Aksel Røed - saksofon
Mathias Marstrander- gitar og steal
Toivo Fjose - bass
Kåre Opheim - trommer